

Retningsliner for tilrettelegging av sentrale arrangement

Veteken på sentralstyremøtet september/oktober 2023

1. Formål

Senterungdomen skal vera ein open og inkluderande organisasjon å vera tillitsvald i. For å sikra at alle skal ha like moglegheiter til å engasjera seg, må ein sikra at alle behov om tilrettelegging vert dekt på ein god og føreseieleg måte.

Døme på behov for tilrettelegging kan vera: knyta til funksjonsnedsetting, allergi, bruk av personleg assistent, barnepass, diett, med meir.

2. Ansvar

Det er sekretariatet til Senterungdomen, som har hovudansvaret for å leggja til rette for at desse retningslinene kan fylgjast. Jamvel har kvar tillitsvald sjølv eit ansvar for å setja seg inn retningslinene og melda i frå til rett tid og stad.

3. Tilrettelegging ved sentralstyremøte

Gjeldande retningsliner for tilrettelegging skal leggjast ved kvar innkalling til sentralstyremøte. I tillegg skal informasjon om møtestad og annan relevant informasjon vera med, slik at alle som treng tilrettelegging har moglegheit til å melda frå i god tid.

Behov for tilrettelegging vert meld inn via eit påmeldingsskjema, som vert send ut saman med innkallingi.

Fristen for å melda frå om tilrettelegging vert sette i innkallingi, men er aldri stuttare enn to veker frå møtestart.

4. Tilrettelegging ved landsstyremøte

Gjeldande retningsliner for tilrettelegging skal leggjast ved kvar innkalling til landstyremøte. I tillegg skal møtestad og annan relevant informasjon vera med, slik at alle som treng tilrettelegging har moglegheit til å melda frå i god tid.

Behov for tilrettelegging vert meld inn via eit påmeldingsskjema, som vert send ut saman med innkallingi.

Fristen for å melda frå om tilrettelegging vert sette i innkallingi, men er aldri stuttare enn to veker frå møtestart.

5. Tilrettelegging ved nasjonale arrangement

Ved nasjonale arrangement skal gjeldande retningsliner for tilrettelegging liggja lett tilgjengeleg i påmeldingsskjemaet. I tillegg skal ein informera om stad for

arrangementet og mellombels program slik at alle som treng tilrettelegging har moglegheit til å melde frå i god tid.

Behov for tilrettelegging vert meld inn via påmeldingsskjemaet for arrangementet.

Fristen for å melde frå om tilrettelegging vert sette til påmeldingsfristen for arrangementet.

6. Revidering

Sentralstyret skal på konstituerande møte ha ein gjennomgang og revidering av gjeldande retningsliner for tilrettelegging. Eventuelle brigde tek til å gjelda beinveges etter møteslutt.

Nokon forklåring på kva som er tilrettelegging?